



Telemark Bilruter AS
Industrivegen 1, 3840 Seljord
Telefon: 35 06 54 00
E-post: post@telemarkbil.no
Internett: www.telemarkbil.no
Org.nr. 924 099 658 MVA

Til
Aksjeeigarar i
Telemark Bilruter AS

Seljord 19.5 2024

Innkalling til generalforsamling i Telemark Bilruter AS

*på Granvin Kulturhus i Seljord
onsdag 5. juni 2024 kl. 12:00*

Registrering av møtedeltakarar tek til kl. 11:30.
Det vert servert rundstykke og kaffi frå kl 11:00

Sakliste:

1. Styreleiar opnar generalforsamlinga. Gjennomgang av talet på aksjar representert på møtet.
2. Val av 2 frammøtte aksjeeigarar til å underteikne protokollen saman med møteleiar/styreleiar.
3. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
4. Orientering om konsernet
5. Godkjenning av årsmelding, årsrekneskap og styrets framlegg til disponering av årsresultat.
6. Val av revisor og godtgjersle til revisor.
7. Forslag til generalforsamlinga til endring av vedtektene (vedlegg).
8. Val av styre og varamedlemar.
9. Val av styreleiar.
10. Fastsetjing av godtgjersle til styret.
11. Val av valnemnd med varamedlem.
12. Forslag til forlenga fullmakt til generalforsamlinga til å erverve eigne aksjar (vedlegg).

Aksjeeigarar som ikkje sjølv møter, kan møte ved fullmektig (sjå vedlagt fullmaktsblankett).

Telemark Bilruter AS

(sign)
Olav Veum
Styreleiar

Vedlegg: Møtesetel/fullmakt

Andre saksdokument i samsvar med dagsorden kan hentast på forretningsadresse Industrivegen 1, 3840 Seljord, eller på førespurnad tilsend på e-post ved å kontakta Signe Østby mobil 918 96110 e-post signe.oestby@telemarkbil.no

Melding frå valnemnda til årsmøtet 2024 i Telemark Bilruter

På årsmøtet 17. juni 2023 fekk valnemnda denne samansettinga:

Leiar	Torstein Tveito
	Inge Sondre Bratland
	Solveig Sundbø Abrahamsen

Etter årsmøtet 09. juni 2023 har desse vore i styret:

<u>Styremedlemmer:</u>		<u>Numeriske varamedlemmer:</u>	
Olav Veum	2023 – 2025	1. *Toril Nikolaisen	2022 – 2023
Hilde Fjellheim	2023 – 2025	2. *Ove Olav Sending	2022 – 2023
*Morten Olav Dyrud	2022 – 2024	3. *Olav Urbø	2022 – 2023
*Marie Bergsli	2022 – 2024		
*Knut Gjersund	2022 – 2024		

*Desse er på val i 2024

Alle merka med stjerne har tatt gjenval !

Frå dei tilsette er fylgjande representert i styret:

<u>Styremedlemmer:</u>		<u>Numeriske varamedlemmer:</u>	
Øyvind Gletne	2022 – 2024	Jan Otto Tvetenstrand	2022 – 2024
Tor Einar Andersson	2022 – 2024	Ronny Oprea	2022 – 2024

Valnemndas framlegg:

<u>Styremedlemmer:</u>		<u>Numeriske varamedlemmer:</u>	
Svein Kostveit	2024 - <u>2025</u>	Toril Nikolaisen	2024 - 2025
Morten Olav Dyrud	2024 – 2026	Ove Olav Sending	2024 - 2025
Marie Bergsli	2024 – 2026	Olav Urbø	2024 – 2025
Knut Gjersund	2024 – 2026		

Framlegg til styreleiar:

Svein Kostveit 2024 – 2025 Nestleiar vert valt av styret.

Godtgjering til styret er no:

Styreleiar	kr. 100 000,- pr år
Styremedlemmer	kr. 50 000,- pr år
Varamedlemmer	kr. 3000,- pr møte

Faste styremedlemmer og styreleiar får kr. 1500,- i tillegg pr møte. Dei tilsette sine representantar opprettheld ordinær løn minimum kr. 1500,- pr møte i tillegg til styrehonoraret.

Framlegg til godtgjering:

Styreleiar	kr. 120 000,- pr år
Styremedlemmer	kr. 50 000,- pr år
Varamedlemmer	kr. 3 000,- pr møte

Faste styremedlemmer og styreleiar får kr. 1500,- i tillegg pr møte. Dei tilsette sine representantar opprettheld ordinær løn, minimum kr. 1 500,- pr møte i tillegg til styrehonoraret. Valnemnda si innstilling er uendra!

Framlegg til ny valnemnd: Inge Sondre Bratland, Solveig Sundbø Abrahamsen.

Styret legg fram framlegg om ny vara til valkomite i møtet

Seljord 18. mai 2024

Torstein Tveito
(sign)

Inge Sondre Bratland
(sign)

Solveig Abrahamsen
(sign)

Til aksjonærane i Telemark Bilruter AS.

Velkommen til generalforsamling i Telemark Bilruter AS onsdag 5. juni kl 12.

I år har vi endra praksis med utsending av saksunderlag. Vi sender som vanleg ut varsel om generalforsamling, dagsorden og innstilling frå valkomité per post til alle aksjeeigarar jamfør selskapets vedtekter. Av omsyn til distribusjons- og trykkekostnader vil vi i år publisere årsmelding med rekneskap, noter og revisors erklæring på heimesidene til TBR i forkant av generalforsamling. Dokumenta kan lastas ned mot slutten av veke 22.

Vi håpar alle finn denne løysinga tilfredsstillande. Om ein ønskjer eit fysisk eksemplar av årsrapport for selskapet, kan ein ta turen innom selskapets hovudkontor i Seljord. Her vil vi ha liggjande nokre eksemplar for utdeling i slutten av veke 22.

Sak 7. Forslag til generalforsamlinga til endring av vedtektene

I samband med eigarmøtet i TBR i slutten av januar 2024 fekk styreleiar overlevert eit forslag frå Johan Straand der han ber om at vedtektsendring av §5 og del av §6 skal fremmast for fyrstkommande generalforsamling.

Framlegget følgjer vedlagt. Framlegget inneber fjerning av dagens § 5 og fyrste ledd i § 6. Styret har drøfta saka og meiner den er såpass stor med tanke på innhald og historikk, at ein ønskjer å ta saka opp i generalforsamling slik forslagsstillar ber om men utan innstilling. Saka kan då bli drøfta av eigarane og ein kan gjere avgjerd i saka. Dersom framlegget får tilstrekkeleg støtte vil vedtektene endrast slik forslaget ber om.

Styret meiner forslaget i all hovudsak er eit eigarspørsmål og vil med fremming av saka på denne måten også be om signal frå eigarane om i kva for retning selskapets eigarar ønskjer at styret skal føre eigarspørsmål inn mot. Vi minner også om at noko av same sakskomplekset var oppe til handsaming i fjor, då som eit konkret forslag frå styret om å endre maksimal eigardel frå ein tidel til ein femdel slik det er vedtektsfesta i § 5. Forslaget vart ikkje vedteke, det vart kun vedteke mindre språklege endringar slik det framgår av dagens vedtekter.

Så er det både rett og viktig å drøfte om dagens vedtekter er ein hemmar eller fremmar for vekst og utvikling av selskapet. Selskapet treng aktive eigarar – forslagsstillar Straand har nettop peika på behov for meir dynamikk som grunngjeving for sitt forslag.

Vedlegg i saka:

Brev dagsett 30. januar 2024 frå Johan Straand

Vedtekter for Telemark Bilruter AS, sist endra 9. juni 2023.

Sak 12 Gjeld forlenga fullmakt frå generalforsamlinga til å erverve egne aksjar

Denne saka vart vedtatt i generalforsamlinga i Telemark Bilruter i 2011 og forlenga kvart år fram til i fjor og ein ber nå generalforsamlinga å forlengje fullmakta for nye 18 månader.

Bakgrunn:

For å sleppe å køyre full runde med forkjøpsrett ut til alle aksjonærar kvar gong det er ein aksje til sals, kan styret velje å kjøpe opp postar og samle dei opp før ein sender dei samla ut til aksjonærane på vanleg runde med forkjøpsrett. Styret kan også velje å site på aksjane eller alternativet framme forslag til generalforsamlinga å trekke inn aksjane og nedskrive aksjekapitalen som igjen vil føre til at kvar gjenverande aksje får ein høgare prosentvis andel. Styret gjer framlegg til generalforsamlinga i Telemark Bilruter om at dei gjev styret fullmakt til å erverve egne aksjar på følgjande vilkår:

Forslag til vedtak:

1. Fullmakta gjeld i 18 månadar frå vedtak blir fatta i generalforsamlinga.
2. Selskapet kan erverve egne aksjar inntil ein samla pålydande verdi av NOK 228.060 (maks 10 % av aksjekapitalen).
3. Det høgaste beløpet som kan betalast per aksje er NOK 5.200,-
4. Det lågaste beløpet som kan betalast per aksje er NOK 200,-
5. Styret stillas fritt til å avgjere på kva for måte erverv og avhending av egne aksjar kanskje.

Vedtekter for Telemark Bilruter AS

Vedtatt i Generalforsamling 9. juni 2023

§ 1

Namnet på selskapet er Telemark Bilruter AS.

§ 2

Selskapet har til føremål å drive persontrafikk, varetransport og elles anna som har samanheng med dette.

§ 3

Selskapet har forretningskontor/hovudkontor i Seljord.

§ 4

Aksjekapitalen er kr. 2.280.600,- delt på 11.403 aksjar, kvar på kr. 200,- fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 5

Styret skal godkjenne overdraging av aksjar til andre enn aksjeeigarens ektefelle eller nokon som er i slekt med eller svoger til aksjeeigaren i opp- eller nedstigande line eller i fyrste og andre sideline. Styret kan ikkje nekte godkjenning utan sakleg grunn.

I avgjerda om ei overdraging skal godkjennast, skal styret leggje særleg vekt på om selskapet sitt sjølvstende og lokale forankring vert tryggja, og om kjøparen, etter styre si meining har føremål som vil verke positivt for selskapet. Styret skal og leggje vekt på ønske om ein stabil og spreidd eigarstruktur, med rimeleg balanse mellom kommunale og private aksjeeigarar. Normalt skal det ikkje godkjennast overdraging av aksjar til nokon som, direkte eller indirekte, er involvert i konkurrerande verksemd, eller som gjer at nokon vert eigar for meir enn ein tidel av aksjekapitalen.

Ved overdraging av aksjar skal øvrige aksjeeigarar ha forkjøpsrett til den kurs det ligg føre verkeleg kjøpetilbod for. Forkjøpsretten gjeld likevel ikkje ved overdraging til livsarvingar, ektefellar, foreldre og deira livsarvingar med ektefelle og selskap som overdragaren eig meir enn 50% i.

Dersom fleire aksjeeigarar ynskjer å nytte forkjøpsretten, vert dei aksjar som er på sal fordelt i høve tidlegare aksjeeige. Dersom det ved slik fordeling vert overskytande aksjar, overtek den/dei som på førehand har flest aksjar den/dei overskytande, og i tilfelle likskap, vert det loddtrekking. Den som ynskjer å selje aksjar, skal skriftleg melde frå om dette med opplysning om kjøpetilbod til styrets styreleiar, som med skriftleg melding set frist for dei øvrige aksjeeigarar på minst 14 dagar til å melde frå om dei vil gjere forkjøpsretten gjeldande. Denne fristen må ikkje overstige to månader frå styret fekk melding om overdraging eller om at aksjeeigaren ynskjer å overdra aksjar. Dersom det er gjeve melding om at det ligg føre gåve eller gåvesal, eller det vert hevda at den oppgjevne kjøpesummen ikkje er reell, vert ein naturleg omsetningsverdi å fastsetje ved skjøn, og skjøn må krevjast innan same frist.

Dersom ikkje eit seinare betalingstidspunkt fylgjer av salsavtale, må den som gjer forkjøpsretten gjeldande, betale kjøpesummen innan 4 veke frå styreleiar si melding. Dersom det skal haldast skjøn, fastset styret kva beløp som skal deponerast.

Deponeringssummen skal betalast innan 4 veke frå styreleiar si melding, men kan ikkje krevjast betalt før ei

veke etter styrets vedtak om deponeringssum er gjeve. Kjøpesum fastsett ved skjøn skal betalast innan 2 veke frå skjønnet er endeleg. Når ikkje anna er fastsett, gjeld fristane frå postlegging av brevet.

§ 6

Selskapet vert leia av eit styre på 5 medlemmer med 1., 2. og 3. varamedlem som vert valde på generalforsamlinga. I tillegg kjem 2 styremedlemmer med 1. og 2. varamedlem valde av og frå dei tilsette. I valet av styremedlemmer skal ein leggje vekt på å få til ei så god geografisk spreing som mogeleg.

To av styremedlemmene er på val etter eitt år, etter 2 år er 3 på val o.s.b., slik at valet gjeld for 2 år med unntak av første året. Styreleiar vert vald på generalforsamlinga. Styret vel sjølv nestleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av alle medlemmene er til stades. Dersom det er like mange røyster for og imot ei sak, skal styreleiar ha dobbelrøyst. To av styremedlemmene bind selskapet med si underskrift. Styret kan gje prokura. Styret tilset dagleg leiar og fastset løna og vilkåra.

§ 7

Vanleg generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni mnd. Styreleiar kallar inn til generalforsamlinga med minst 14 dagars varsel ved brev til kvar aksjeeigar under den adressa som står i protokollen over aksjeeigarar.

Generalforsamlinga har til oppgåve:

- Å førehava årsrekneskapen og årsmeldinga.
- Å avgjere korleis overskotet skal nyttast.
- Å velje styremedlemmer og styreleiar i styret og fastsetje godgjeringa deira.
- Å velje revisor og godkjenne godtgjeringa hans.
- Å velje valnemnd som kjem med framlegg til styremedlemmer og styreleiar.
- Elles å drøfte og avgjere saker som er nemnde i innkallinga.

Saker som nokon ynskjer ta opp på generalforsamlinga, må vere innsende til styret innan 1. april. Seinare innkomne saker bør utstå.

§ 8

Ekstraordinært generalforsamling vert halde når styret finn det naudsynt eller når det vert kravd av aksjeeigarar som representerer minst tiandeparten av aksjekapitalen. Dei må i tilfelle samstundes gje opp kva for saker dei vil drøfte. Møtet vert samankalla på same måte som det vanlege generalforsamling og det vert berre teke opp dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§ 9

På generalforsamlinga har kvar aksje ei røyst. Aksjeeigarar som ikkje møter, kan gje andre skriftleg fullmakt til å møte i sin stad.

§ 10

Reglane i aksjelova skal gjelde i spørsmål som ikkje er nemnde i desse vedtektene



Dersom du skal møte på generalforsamlinga, ber vi at denne møtesetelen sendast til oss innan 1. juni.2024 for at vi kan gjere registreringa ferdig på førehand.

Telemark Bilruter AS
Industrivegen 1
3840 Seljord.
Epost: post@telemarkbil.no

MØTESETEL

Namn:.....

Adresse:.....

Aksjar/røyster

Talet på egne aksjar/røyster	
Talet på aksjar/røyster i følgje fullmakt	
SUM røyster/aksjar	

Stad:..... Dato:.....

Underskrift

FULLMAKT

Dersom andre møter for deg på generalforsamlinga, fyller du ut denne fullmakta i staden for møtesetelen og gjev den til fullmektigen.

Underteikna:.....

Adresse:.....

som eigaksjar i Telemark Bilruter AS, gjev med dette fullmakt til:

.....å møte og røyste
(Namn på fullmektig)

på mine/våre vegne på generalforsamlinga i Telemark Bilruter AS den 5. juni 2024.

Stad:..... Dato:.....

Underskrift

Styreleiar kan om ønskjeleg representere deg som fullmektig og må i så fall førast opp som fullmektig over.

Årsrekneskap

**Telemark Bilruter AS
m/ konsern**

2023

Morselskap

Telemark Bilruter AS

Konsern

2023	2022	RESULTATREKNESKAP	Note	2023	2022
		Driftsinntekter			
0	0	Salsinntekt	1, 2	259 059 882	243 081 793
13 904 366	12 948 512	Anna driftsinntekt	2, 6	14 018 427	24 082 841
13 904 366	12 948 512	Sum driftsinntekter		273 078 309	267 164 634
		Driftskostnader			
0	-527 747	Varekostnad		-39 160 526	-27 604 749
-8 514 520	-8 576 614	Lønskostnad	3	-116 154 652	-108 031 749
-139 727	-225 500	Avskrivning av varige driftsmiddel	5, 6	-34 996 755	-21 779 435
0	0	Nedskrivning av varige driftsmiddel	5, 6	-5 198 080	0
-4 591 670	-3 250 003	Annan driftskostnad	2, 3, 6	-95 294 053	-95 988 308
-13 245 917	-12 579 864	Sum driftskostnader		-290 804 066	-253 404 241
658 449	368 648	Driftsresultat		-17 725 757	13 760 392
		Finansposter			
5 953 532	13 618 960	Inntekt på investering i dotterselskap	7	0	0
8 000 000	0	Inntekt på investering i tilknyttede selskap	7	818 721	909 270
3 238 501	651 047	Anna renteinntekt		714 010	333 377
0	0	Anna finansinntekt		38 705	65 790
-22 169 070	0	Nedskrivning av aksjar	7	0	0
-550 436	-168 455	Annan rentekostnad		-11 306 112	-3 383 008
-35	0	Annan finanskostnad		-14 426	-7 048
-5 527 508	14 101 552	Resultat av finansposter		-9 749 102	-2 081 619
-4 869 059	14 470 200	Ordinært resultat før skattekostnad		-27 474 859	11 678 773
-789 025	-453 457	Skattekostnad på ordinært resultat	4	-139 454	229 951
-5 658 084	14 016 743	Årsresultat		-27 614 313	11 908 723
		Minoritetsdel av årsresultat		-2 065 805	-486 309
		Majoritetsdel av årsresultat		-25 548 508	12 395 032
		Overføringer			
		Utbytte	11		
-5 658 084	14 016 743	Overført annan egenkapital	11		
-5 658 084	14 016 743	Sum overføringer			

Morselskap

Telemark Bilruter AS

Konsern

31.12.2023	31.12.2022	BALANSE	Note	31.12.2023	31.12.2022
		EIGEDELAR			
		ANLEGGSMIDDEL			
		Immaterielle egedelar			
0	0	Utsett skattefordel	4	0	379 819
0	0	Goodwill	5	566 160	2 881 353
0	0	Sum immaterielle egedelar		566 160	3 261 172
		Varige driftsmiddel			
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	6, 12	128 463 249	128 771 923
1 301 797	707 500	Driftslausøyre, inventar, verktøy, o.l.	6, 12	160 082 038	127 633 866
1 301 797	707 500	Sum varige driftsmiddel		288 545 287	256 405 789
		Finansielle anleggsmiddel			
49 371 421	43 481 319	Investeringar i dotterselskap	7	0	0
4 800 000	4 800 000	Inv. i tilknytt selskap/felleskontr. verksemder	7	4 173 069	11 354 347
1 606 004	1 606 004	Investering i aksjar og andelar	8	1 606 004	1 606 004
38 110 835	0	Lån til dotterselskap	2	0	0
0	0	Langsiktige fordringar	9	0	5 699
93 888 260	49 887 323	Sum finansielle anleggsmiddel		5 779 073	12 966 050
95 190 057	50 594 823	SUM ANLEGGSMIDDEL		294 890 520	272 633 011
		OMLØPSMIDDEL			
0	0	Varelager		2 014 802	1 137 213
		Fordringar			
2 381 944	2 379 135	Kundefordringar	2, 12	26 423 086	27 356 880
20 784 538	37 418 333	Andre fordringar	2	5 413 276	4 010 158
23 166 482	39 797 468	Sum fordringar		31 836 362	31 367 038
		Bankinnskot, kontantar og liknande			
24 249 580	27 779 435	Bankinnskot, kontantar og liknande	12	28 293 896	34 159 648
24 249 580	27 779 435	Sum bankinnskot, kontantar og liknande		28 293 896	34 159 648
47 416 062	67 576 903	SUM OMLØPSMIDDEL		62 145 060	66 663 899
142 606 119	118 171 726	SUM EIGEDELAR		357 035 580	339 296 910

Morselskap

Telemark Bilruter AS

Konsern

31.12.2023	31.12.2022	BALANSE	Note	31.12.2023	31.12.2022
		EIGENKAPITAL			
		Innskoten eigenkapital			
2 280 600	2 280 600	Selskapskapital	10, 11	2 280 600	2 280 600
-22 400	-21 800	Eigne aksjar	11	-22 400	-21 800
15 172 600	15 172 600	Overkurs	11	15 172 600	15 172 600
284 442	284 442	Annan innskoten eigenkapital	11	284 442	284 442
17 715 242	17 715 842	Sum innskoten eigenkapital		17 715 242	17 715 842
		Opptent eigenkapital			
75 596 895	81 260 979	Annan eigenkapital	11	82 601 119	108 155 624
75 596 895	81 260 979	Sum opptent eigenkapital		82 601 119	108 155 624
0	0	Minoritetsinteressar	11	300 259	2 366 064
93 312 137	98 976 821	SUM EIGENKAPITAL		100 616 620	128 237 530
		GJELD			
		Avsetnad for forpliktingar			
728 979	838 761	Utsett skatt	4	0	0
728 979	838 761	Sum avsetnad for forpliktingar		0	0
		Anna langsiktig gjeld			
0	9 500 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	12	208 927 922	170 337 208
0	9 500 000	Sum anna langsiktig gjeld		208 927 922	170 337 208
		Kortsiktig gjeld			
458 203	311 281	Leverandørgjeld	2	20 011 586	15 759 369
0	0	Betalbar skatt	4	0	0
553 754	1 024 091	Skuldige offentlege avgifter		10 307 219	10 566 040
47 553 046	7 520 772	Anna kortsiktig gjeld	2	17 172 233	14 396 763
48 565 003	8 856 144	Sum kortsiktig gjeld		47 491 038	40 722 172
49 293 982	19 194 905	SUM GJELD		256 418 960	211 059 380
142 606 119	118 171 726	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		357 035 580	339 296 910

31. desember 2023
Seljord, 28. mai 2024

Olav Veum
Styreleiar

Morten Olav Dyrud
Nestleiar

Knut Gjersund
Styremedlem

Marie Bergsli
Styremedlem

Øyvind Gletne
Styremedlem

Tor Einar Andersson
Styremedlem

Hilde Fjellheim
Styremedlem

Espen Marthinsen
Dagleg leiar

Morselskap

Telemark Bilruter AS

Konsern

2023
(heile 1.000)

2022
(heile 1.000)

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

2023
(heile 1.000)

2022
(heile 1.000)

Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar

-4 869	14 470	Resultat før skattekostnad	-27 475	11 679
0	0	Betalte skattar	0	0
-66	-221	Netto gevinst ved sal av anleggsmiddel	-11 972	-19 870
-13 954	-13 619	Resultatandel dotterselskap / tilknytt selskap	-819	-909
0	0	Resultatført utbytte andre aksjar	0	0
140	226	Av- og nedskrivningar	40 195	21 779
22 169	0	Nedskrivning aksjar	0	0
0	0	Endring i varelager	-878	-1 137
-3	3 916	Endring i kundefordringar	934	611
147	-2 563	Endring i leverandørgjeld	4 252	1 494
-171	-6 660	Endring i andre tidsavgrensingspostar	1 360	3 360
<u>3 393</u>	<u>-4 452</u>	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	<u>5 597</u>	<u>17 006</u>

Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar

660	18 183	Innbetaling ved sal av anleggsmiddel	23 000	23 665
-1 328	0	Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-17 252	-47 772
8 000	0	Innbetaling av utbytte	8 000	0
0	4 890	Innbetaling av konsernbidrag	0	0
-202	0	Utbetaling av konsernbidrag	0	0
0	3 000	Innbetaling ved utlån	0	0
7 096	13 963	Innbetaling ved sal av aksjar	0	0
0	-5 329	Utbetaling ved kjøp av aksjar	0	-4 329
0	0	Kontantar overteke ved oppkjøp	0	3 364
<u>14 226</u>	<u>34 706</u>	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	<u>13 748</u>	<u>-25 071</u>

Kontantstraumar frå finansaktivitetar

195	0	Innbetaling ved sal av egne aksjar	195	0
-202	-144	Utbetaling kjøp egne aksjar	-202	-144
0	10 000	Innbetaling ved opptak av langsiktig gjeld	11 250	110 000
-9 500	-500	Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-36 455	-33 619
-11 642	-30 216	Netto endring konsernkontoordning	0	0
	0	Endring av kortsiktig gjeld og kassekreditt	0	-74 149
<u>-21 149</u>	<u>-20 860</u>	Netto kontantstraum frå finansaktivitetar	<u>-25 212</u>	<u>2 087</u>

-3 530	9 394	Netto endring i kontantar og bankinnskot	-5 866	-5 978
27 780	18 386	Kontantar og bankinnskot pr. 01.01.	34 160	40 138
<u>24 250</u>	<u>27 780</u>	Kontantar og bankinnskot pr.31.12.	<u>28 294</u>	<u>34 160</u>

381	442	Av bankinnskota utgjær skattetrekksmiddel	3 798	3 863
-----	-----	---	-------	-------

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Konsolidering

I konsernrekneskapen er alle interne mellomverande og tenester eliminera. Minoritetsinteresser er utrekna og skilt ut på eigen post i rekneskapen. Konsernet består av morselskapet, dotterselskapa Telemark Bilruter Buss AS (100 %), Telemark Bilruter Eigedom AS (100 %), Telemark Transportservice AS (100 %), Telemark Godslinjer AS (90 %), Telemark Storbilservice AS (100 %) og Container Transport Larvik AS (100 %).
Goodwill ved oppkjøp av dotterselskap er rekna på majoritetens andel.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på tidspunkt for levering.

Dotterselskap/Tilknytt selskap

Dotterselskap og tilknytt selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til kostpris for aksjane med mindre nedskrivning har vore nødvendig. Det er gjort nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall skuldast årsaker som ikkje kan bli rekna for å vera forbigåande og det er nødvendig etter god rekneskapsskikk. Nedskrivningar er reversert når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

I konsernrekneskapen er tilknytt selskap innarbeidd etter eigenkapitalmetoden.

Utbytte og andre utdelingar er inntektsført same år som det er avsett i dotterselskapet.

Aksjar

Aksjar er bokført til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi i selskapsrekneskapen.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen. Øvrige postar er klassifisera som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris, men vert nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forventa å vera forbigåande. Langsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg gjer ein for dei øvrige kundefordringane ei spesifisert avsetjing for å dekkje forventa tap.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er balanseført og blir avskrive over driftsmiddelets forventa levetid. Direkte vedlikehald av driftsmiddel er kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostingar eller utbetringar blir lagt til driftsmiddelets kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet. Dersom gjenvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi blir det gjort nedskriving. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av dei framtidige kontanstraumane som eigedelane er forventa å generere.

Leigeavtaler som oppfyller vilkåra for finansiell leasing vert balanseført ved anskaffelse av driftmiddelet, og avskrive over forventa levetid. Leigebetalningane vert splitta i rentekostnader og avdrag.

Pensjonar

Selskapet har innskotsbasert pensjonsordning for sine tilsette. Ordninga tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon (OTP). Framtidige ytingar vil variere med avkastning på innskotne premiar. Rekneskapsmessig kostnad tilsvarar årets premie/innskot.

Skatt

Skattekostnaden i resultatreknskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellane som eksisterar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige skilnader som reverserar eller kan reversere i samme periode, er utlikna og nettoført.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påverka resultatet og verdsetjing av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen iht. god rekneskapsskikk.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Note 1. Salsinntekter (alle tal i 1000)

	Morselskap		Konsern	
	2023	2022	2023	2022
Område for verksemda:				
Persontrafikk	0	0	36 577	53 471
Godstrafikk	0	0	221 692	189 611
Verkstad	0	0	791	0
Sum	0	0	259 060	243 082

Geografisk fordeling:

Alt av selskapet sitt sal i året er i Noreg.

Mottekne offentlege tilskot er inkl. i anna driftsinntekt med tkr 100 for konsernet.

Note 2. Transaksjonar og mellomverande med dotterselskap (alle tal i 1000)

	Morselskap	
	2023	2022
Salsinntekt	0	0
Anna driftsinntekt	13 839	12 430
Annan driftskostnad	1 141	581
Lån dotterselskap	38 111	0
Fordringar på dotterselskap	18 522	836
Fordringar på dotterselskap, konsernkontoordning	1 975	36 480
Kundefordringar på dotterselskap	2 382	2 348
Leverandørgjeld til dotterselskap	0	2
Kortsiktig gjeld til dotterselskap	42 948	202
Kortsiktig gjeld til dotterselskap, konsernkontoordning	3 901	6 264

Note 3. Lønskostnadar, tal på tilsette, godtgjersle mv (alle tal i 1000)

Lønskostnadar:	Morselskap		Konsern	
	2023	2022	2023	2022
Løner	5 439	6 135	96 016	89 828
Arbeidsgjevaravgift	785	1 069	12 235	11 677
Pensjonskostnadar *)	668	732	4 337	4 310
Andre ytingar	1 623	640	3 567	2 216
Sum	<u>8 515</u>	<u>8 577</u>	<u>116 155</u>	<u>108 031</u>

*) I tillegg kjem tilsettes pensjonsandel

Tal på utførte årsverk	8	11	168	170
------------------------	---	----	-----	-----

Morselskapet og konsernet har innskotsbaserte pensjonsordningar som dekker krava til obligatorisk tenestepensjon, OTP.

Ytingar til leiande personar:	Dagleg leiar	Styret
Løn	934	538
Pensjonspremie	118	0
Anna godtgjersle	153	0
Sum	<u>1 206</u>	<u>538</u>

Løn dagleg leiar gjeld noverande og tidlegare dagleg leiar.

Honorar til styreleiar som har fungert som dagleg leiar ein periode, tnok 468 er inkl. i annan driftskostnad.

Det er ingen bonusavtaler for dagleg leiar/styreleiar. Det er avtala vederlag tilsvarande 6 månaders løn ved opphøyr av arbeidsforhold for dagleg leiar. Det er ikkje gjeve lån til eller stilt sikkerheit for dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående pe

Revisor:	Morselskap		Konsern	
	2023	2022	2023	2022
Kostnadsført honorar til revisor ekskl. mva:				
Revisjonshonorar	148	201	571	480
Andre tenester	146	99	291	377
Skatte- og avgiftsmessig bistand	83	162	259	259

Note 4. Skatt (alle tal i 1000)

Årets skattekostnad fordeler seg på:	Morselskap		Konsern	
	2023	2022	2023	2022
Betalbar inntektsskatt	899	44	0	0
Endring i utsett skatt	-110	409	140	-230
Skatteeffekt konsernbidrag kun ført i balansen	0	0	0	0
For mykje/lite avsett skatt tidlegare år	0	0	0	0
Sum skattekostnad	<u>789</u>	<u>453</u>	<u>140</u>	<u>-230</u>

Berekening av årets skattegrunnlag:	Morselskap	
	2023	2022
Resultat før skattekostnad	-4 869	14 470
Permanente skilnader *)	16 456	-12 409
Resultatandel tilknytt selskap	-8 000	0
Resultatført konsernbidrag	0	-836
Endring i midlertidige skilnader	499	534
Anvendt framførbart underskot	0	-2 393
Mottatt konsernbidrag	0	836
Avgitt konsernbidrag	-4 085	-202
Årets skattegrunnlag	<u>0</u>	<u>0</u>
Betalbar skatt 22 %	<u>0</u>	<u>0</u>

Oversikt over midlertidige skilnader:	Morselskap		Konsern	
	31.12.2023	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2022
Omløpsmiddel / kortsiktig gjeld	0	3	-2 884	-433
Anleggsmiddel	980	893	25 550	23 072
Gevinst- og tapskonto	2 333	2 916	2 292	2 865
Finansiell leasing	0	0	1 372	1 516
Framførbart underskot	0	0	-59 358	-28 774
Sum	<u>3 314</u>	<u>3 813</u>	<u>-33 028</u>	<u>-1 753</u>
Postar som ikkje er balanseført som utsett skattefordel			33 028	27
Sum			<u>0</u>	<u>-1 726</u>
22 % utsett skatt/skattefordel	729	839	0	-380
Endring utsett skatt	-110	642	380	52
Endring utsett skatt aksjer/eigenkapital	0	-233	-240	-282
Resultatført endring utsett skatt	-110	409	140	-230

Forklaring til kvifor årets skattekostnad ikkje utgjer 22% av resultat før skatt:	Morselskap	
22% av resultat før skatt	-1 071	3 183
Permanente skilnader inkl. resultatandel TS (22%)*	1 860	-2 730
Effekt av ikkje balanseført utsett skattefordel	0	0
For mykje berekna skatt i fjor	0	0
Berekna skattekostnad	<u>789</u>	<u>453</u>
Bokført skattekostnad	789	453

* Inkl. ikkje frådragsberettiga kostnadar, som til dømes representasjon, gåver og kontingentar. Vidare er aksjeutbytte og nedskriving av aksjar medteke her.

Note 5. Immaterielle egedelar (alle tal i 1000)

	Goodwill morselskap	Goodwill konsern
Anskaffelseskost per 01.01.	11 151	20 963
Tilgang goodwill		
Anskaffelseskost 31.12.	<u>11 151</u>	<u>20 963</u>
Akkumulerte av- og nedskrivningar 31.12.	-11 151	-20 396
Bokført verdi 31.12.	<u>0</u>	<u>567</u>
Årets avskrivningar	0	-483
Årets nedskrivningar	0	-1 832

Goodwill er knytt til kjøp av verksemd frå Gundersen Transport AS og kjøp av Container Transport Larvik AS.

Selskapet nyttar lineære avskrivningar for goodwill. Den økonomiske levetida er rekna til 5-7 år, basert på analyse på oppkjøpstidspunktet.

Selskapet gjer ei årlig vurdering av bokførte verdiar og økonomisk levetid, og endringar i estimat inngår i avskrivningar/nedskrivningar. Det er i 2023 teke nedskrivning av resterande goodwill knytt til dotterselskapet Container Transport Larvik AS

Note 6. Varige driftsmiddel (alle tal i 1000)

Varige driftsmiddel:	Morselskap		Konsern	
	Vognpark, maskiner og utstyr	Bygningar og annan fast eigedom	Vognpark, maskiner og utstyr	Bygningar og annan fast eigedom
Anskaffelseskost 01.01.	1 072	0	231 595	137 233
Tilgang kjøpte driftsmiddel	1 328	0	86 280	2 668
Avgang til kostpris/Utrangering	-965	0	-50 996	-4 407
Anskaffelseskost 31.12.	<u>1 435</u>	<u>0</u>	<u>266 879</u>	<u>135 495</u>
Akkumulera av- og nedskrivningar 31.12.	-133	0	-106 797	-7 031
Bokført verdi 31.12.	<u>1 302</u>	<u>0</u>	<u>160 082</u>	<u>128 464</u>
Årets avskrivningar	-140	0	-32 185	-2 329
Årets nedskrivningar	0	0	-3 366	0
Gevinst ved sal av driftsmiddel	66	0	5 863	6 109
Tap ved sal av driftsmiddel	0	0	0	0
Avskrivningsplan	Lineær		Lineær	Lineær
Økonomisk levetid	4-5 år		3-8 år	20-50 år

Konsernet nyttar lineære avskrivningar med restverdi for ekspressbussar og lastebilar.

Avskrivningsprinsipp for bygg er lineære avskrivningar med utrangeringsverdi. Tomter vert ikkje avskrive.

Selskapet gjer ei årlig vurdering av bokførte verdiar og økonomisk levetid, og endringar i estimat inngår i avskrivningar/nedskrivningar.

Leasingkontraktar:

Konsernet har inngått kontraktar med leasing av godsvogner og tilhengarar.

Kontraktar som oppfyller vilkåra for finansiell leasing er balanseført med totalt tkr 100 281 i konsernet. Desse er inkludera i varige driftsmiddel. Avskrivningar på desse utgjer tkr 17 433. Leasingkontraktane har ei løpetid frå 1 til 8 år. Kostnadsført leige på ikkje balanseførte kontraktar i rekneskapsåret utgjer tkr 3 526 for konsernet.

Note 7. Datterselskap/tilknytt selskap/felleskontrollera verksemd (alle tal i 1000)

Firma	Anskaffelses- tidspunkt	Forretnings- kontor	Eigarandel	Stemmeandel
Datterselskap				
Telemark Transportservice AS	2001	Skien	100 %	100 %
Telemark Godslinjer AS	2010	Seljord	90 %	90 %
Telemark Bilruter Buss AS	1998	Skien	100 %	100 %
Telemark Bilruter Eigedom AS	2017	Seljord	100 %	100 %
Container Transport Larvik AS	2022	Larvik	100 %	100 %
Telemark Storbilservice AS	2022	Seljord	100 %	100 %
Tilknytt selskap				
Agder Buss AS	2013	Evje og Hornnes	50 %	50 %
Telemark Gjenvinning AS (eigd av Telemark Godslinjer AS)	2021	Bø	50 %	50 %

	Andel resultat inkl. avskr. meirverdiar	Andel eigenkap. inkl. meirverdi	Bokført verdi i selskapsrekneskap
Agder Buss AS	1 740	4 173	4 800
Telemark Gjenvinning AS (eigd av Telemark Godslinjer AS)			-

Aksjar i datterselskap og tilknytt selskap er ført til historisk kost (ev. nedskrive til verkeleg verdi) i selskapsrekneskapen. Nedskrivning blir tilbakeført når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er til stades. Tilbakebetaling av aksjekapital reduserar bokført verdi, medan ny betalt eigenkapital aukar bokført verdi.

Grunna svake resultat i fleire datterselskap har selskapet gjennomført ei nedskrivingsvurdering av aksjar i datterselskap. Resultateffekt i 2023 er tkr 22 167. Morselskapet har ytt konsernbidrag til døtre. Auka kostpris på aksjar knytt til konsernbidrag er tkr 29 201.

Selskapet har i 2023 seld aksjane i datterselskapet Brøløsvegen 7 AS. Gevinst på tkr 5 954 inngår i linja Inntekt på investering i datterselskap.

Note 8. Aksjar (alle tal i 1000)

Konsern og morselskap	Kostpris	Bokført verdi
NOR-WAY Bussekspress AS	1 668	1 300
Diverse mindre postar	306	306
Sum		1 606

Note 9. Fordringar med forfall seinare enn eitt år (alle tal i 1000)

Fordringar med forfall seinare enn eitt år:	Morselskap		Konsern	
	2023	2022	2023	2022
Anna lån	0	0	0	0
Sum	0	0	0	0

Note 10. Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen består av:	Antal	Pålydande	Bokført
Aksjar	11 403	200	2 281
Sum	<u>11 403</u>		<u>2 281</u>
Talet på egne aksjar	<u>112</u>		
Sum utestående aksjar	<u>11 291</u>		

Dei største aksjonærane i selskapet er:	Stemmeandel og eigarandel i %	Antal aksjar
Vinje kommune	16,9 %	1 911
Morgedal AS, Knut Gjersund, styremedlem	10,6 %	1 201
Sparebanken DIN	10,0 %	1 131
Fyresdal kommune	8,0 %	898
Fossli, Vrål	4,8 %	541
Tide ASA	3,8 %	425
Tinn Billag AS	3,4 %	388
Straand, Johan S.	3,2 %	358
Seljord kommune	2,7 %	310
Stiftinga Tannlege Aa. H. Felland	2,5 %	283
Aanonsen, Svein	2,4 %	270
Gundersen Transport AS	2,4 %	267
Straand, Svein Olav	2,3 %	261
Tokke kommune	2,3 %	255
Niwo AS	2,0 %	225
Straand, Johan T.	1,2 %	141
Gummiservice AS	1,1 %	125
Straand, Sigrid Ingebjørg	1,0 %	118
Straand, Olav J.	1,0 %	115
Haugerød & Nilsen AS	1,0 %	113

I tillegg eig fylgjande styremedlemmar aksjar i selskapet:

Dyrud Eigedom AS, Morten Olav Dyrud, styremedlem 109

Alle aksjar har same stemmerett på generalforsamlinga.

Note 11. Eigenkapital (alle tal i 1000)

	Aksje- kapital	Eigne aksjar	Overkurs	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Morselskap						
Eigenkapital 01.01.	2 281	-21	15 173	284	81 261	98 977
Årets resultat					-5 658	-5 658
Kjøp av egne aksjar		-8			-193	-202
Sal av egne aksjar		8			187	195
Eigenkapital 31.12.	2 281	-22	15 173	284	75 597	93 312

	Aksje- kapital	Eigne aksjar	Overkurs	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
Konsern							
Eigenkapital 01.01.	2 281	-21	15 173	284	108 155	2 366	128 238
Årets resultat					-25 549	-2 066	-27 614
Kjøp av egne aksjar		-8			-193		-202
Sal av egne aksjar		8		0	187		195
<u>Eigenkapital 31.12.</u>	2 281	-22	15 173	284	82 601	300	100 617

Note 12. Langsiktig gjeld, pant og garantiar

	Morselskap		Konsern	
	2023	2022	2023	2022
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år:				
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	100 375	0
Sum	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>100 375</u>	<u>0</u>
Langsiktig gjeld:				
Pantesikret gjeld	0	9 500	110 000	108 250
Leasinggjeld	0	0	98 928	62 087
Pantsette eigedelar:				
Bankinnskot som sikring av skattetrekk	381	442	3 798	3 863
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	0	0	128 463	128 124
Vognpark og lausøyre, inkl leasa driftsmiddel	0	0	55 037	53 930
Fordringar	0	0	26 659	24 978
Sum	<u>381</u>	<u>1 121</u>	<u>213 957</u>	<u>210 895</u>

Telemark Bilruter konsernet har ei konsernkontoavtale saman med dotterselskapa, det er morselskapet Telemark Bilruter AS som er konsernkontoeigar. For morselskapet er konsernets netto innskot presentert som bankinnskot. Konsernet har ein konsernkotokreditt på tkr 15 000. Kontrakts- og løyvegarantiar er dekt gjennom forsikringsavtale.

	Konsern	
	2023	2022
Konsernkotokreditt	15 000	15 000
Innestående/Trekk 31.12	28 294	34 160
Unytta trekk på kassekreditt	<u>43 294</u>	<u>49 160</u>



Telemark Bilruter

Årsmelding for 2023 - Telemark Bilruter AS som konsern

Innleiing:

Telemark Bilruter AS legg fram årsmelding for 2023. Dette året har vore prega av store utfordringar og svak lønsemd, men også av moglegheiter for framtida. Gjennom dedikert arbeid og eit sterkt fokus på kundetilfredsheit, har me klart å oppretthalde vår posisjon som ein leiande leverandør av transporttenester i Telemark-regionen. Perioden har vore prega av sterk kostnadsauke og krevjande konkurranse i dei ulike bransjane.

Om Telemark Bilruter AS:

Telemark Bilruter AS er ein veletablert aktør innan transportbransjen i Telemark. Me tilbyr eit breitt spekter av transporttenester, inkludert busstenester, gods, renovasjon og slam/septik. Målet vårt er å vera ein påliteleg partner for passasjerane og samarbeidspartnarane våre, samtidig som vi bidreg til å fremja berekraftig transport i regionen.

Nokre rapportar frå dei ulike konsernselskapa

Telemark Bilruter Buss er ved årsskiftet primært Haukeliekspressen og turkøyring. I løpet av 2023 opplevde vi ein positiv auke i talet på passasjerar på Haukeliekspressen. Dette er eit teikn på tilliten våre kundar har til våre tenester og vår evne til å komma behova deira i møte. Nye bussar gjer også ei betre kundereise og har blitt godt motteke.

Telemark storbilsenter er ei relativt nystarta verksemd som tilbyr verkstadtenester for alle køyretøy, men primært storbil i selskapets nye lokale i Seljord. 2023 er prega av oppstart, men etter eit driftsår kan ein sjå vesentleg auka omsetning og betre lønsemd. Særleg viktig har ny partneravtale med Volmax vore, som sikrar eit betydeleg kundetilfang for verksemda.

Telemark Bilruter Eigedom har gjort langsiktige leigeavtaler for områda utanfor bommen i Seljord, både for biogass og elbillading for lastebilar.

Utviklinga er med å styrkje ny lokasjon i Seljord som eit transportsenter og kan gje andre ringverknader i framtida.

Telemark Transportservice (TTS) har sin hovudbase i nye lokalar i Skien. Verksemda vart sterkt ramma av volumnedgang sjå Schenker. Det er krevjande å omstille ei verksemd når ein stor del av volumet fell ut. Fyrst etter sommaren 2023 fekk ein tilpassa produksjonen og resultatata har kome attende etter ein betydeleg justering rundt vilkår og volum. Mot slutten av året har inngjekk verksemda ny langsiktig avtale om frakt med nye elektriske distribusjonsbilar som skal køyre ut frå terminal i Sandefjord. Ein overgang til utsleppsfrie køyretøy kjem som klart krav frå våre kundar og vi har lukkast å halde tritt med krava og med det sikra volum og produksjon. TTS har vore tydelege på at investeringar i nytt materielle må speglast i langsiktige kontraktar og risikoavlastning, noko ein også har fått.

Containertransport Larvik (CTL) mista ein viktig kunde i Yara / Bilfinger i 2023, som har hatt betydeleg påverknad på selskapets resultat. Ein har jobba godt med å finne nye volum, men med vekslande hell. CTL har stått i spissen for utvikling og implementering av dataplattforma Frakt 24. Oppgradering til digital flåtestyring er heilt naudsynt, og pilotarbeidet som er gjennomført i CTL blir no implementert i resten av konsernet.

Telemark Godslinjer (TG) har vore gjennom eit svært utfordrande år. Rekneskapen er prega av høge avskrivningar etter betydeleg investering i materiell samt svak lønsemd på fleire kundesegment. Bedriftsrenovasjon mot Telemark Renovasjon i Bø er eit av områda som har hatt svak økonomi. Samstundes har TG mange og gode avtaler mot ei rekkje offentlege aktørar innan renovasjon og slam/septik. Området er betydeleg utvida og vi har no ein operasjon i store delar av Telemark og Buskerud. Også på dette området har det vore behov for investeringar, men vi opplever betydeleg konkurransekraft og god kundetilfredshet. Øvrig godsverksemd mot private aktørar er prega av vesentleg auke i kapitalkostnader, høgare drivstoffprisar og noko nedgang i byggeverksemda som resultat av høge renter og usikkerheit. TG har store operasjonar både innan trelast og byggmodul/massivtre – som begge er prega av

marknaden. Rett bemanning, optimalisering av materiell samt større fokus på returtransport og kundelønnsemd er hovudfokus inn i 2024.

Fokus på berekraft

Vi har framleis engasjementet vårt for berekraftig transport gjennom tiltak som optimalisering av ruteplanar, investering i miljøvennlige køyretøy og samarbeid med lokale styresmakter for å redusera karbonavtrykket. Vi ser at vår satsing opplevast som positiv i marknaden og er ein viktig faktor for konkurransekraft og utvikling.

Kundetilfredsheit

Gjennom regelmessige målingar og tilbakemeldingar kan vi konstatere at vi held oppe ei høg grad av kundetilfredsheit. Dette reflekterer det kontinuerlege arbeidet vårt med å forbetra kundeopplevinga og levera tenester av høg kvalitet. Til dømes er nye panoramabussar veldig godt mottekne, noko vi ser igjen på positiv auke i talet på reisande. For godsverksemda er balansen mellom kundelønnsemd og fornøgde kundar svært viktig. Det er fullt mogleg å levere eit kvalitativt godt produkt som skaper lønnsemd, men det krevjer stort og auka fokus på organisering og optimalisering.

Finansiell oversikt og økonomiske resultat

Telemark Bilruter AS har hatt eit svært krevjande år bak seg i 2023. Ein har i løpet av året bytta konsernsjef samt hatt store utskiftingar i sentral leiing av selskapet. Dei økonomiske resultatata for 2023 er ikkje tilfredsstillande. Sterk auke i kapitalkostnader og generell nedgang i viktige marknader som til dømes bygg, har gitt oss utfordringar som vi jobbar intenst med å retta opp. Det er tilsett ny leiargruppe som i løpet av 1. halvår 2024 vil vera på plass. Per 1. desember 2023 tiltredde Espen Martinsen som ny administrerande direktør. Mandatet er å sikre vesentleg betre kundelønnsemd, rasjonalisere drifta, optimalisere investeringar i materiell og eigendelar og generelt byggja opp ein ny robust organisasjon som kan etablere ei lønnsam og trygg plattform for framtida.

Selskapet legg fram eit konsernresultat for 2023 på minus 27 mill medan resultatet i morselskapet er på minus 5,6. Resultata er prega av svak lønnsemd i

produksjon men konsernresultatet er i stor grad også prega av store avskrivningar og noko nedskrivning. Ein har i samband med konsolidering av rekneskapen for 2023 gjort ei kritisk vurdering av dei ulike dotterselskapa og gjennomført naudsynt nedskrivning ut frå oppnådd resultat og kapitalstatus. Likviditeten i selskapet er god. Morselskapet har betydeleg soliditet med ein eigenkapitalandel på 65 %. For konsern er eigenkapitalen omlag 28 %. Konsernet gjennomførte hausten 2023 bytte av hovudbankforbindelse, som sikrar gode vilkår og ei meir forutsigbar langsiktig finansiering av dei store investeringane ein har gjort i bygg/eigedom. Selskapet er på mange vis inne i ein snuoperasjon etter store investeringar, auka kostnader og svikt i marknaden. Grunnlaget for vidare drift er godt til stades, men fokuset på betra lønnsemd og optimalisering av drift må halde fram med full styrke.

Avslutning:

Til slutt vil vi retta ein stor takk til våre tilsette, kundar, samarbeidspartnarar og aksjonærar for deira støtte og tillit i løpet av 2023. TBR skal framover få full nytte av store investeringar og har ambisjon om å veksa og trivast som ein leiande aktør innan transport i Telemark-regionen.


Seljord 28. mai 2024



Olav Veum



Hilde Fjellheim




Morten Dyrud



Marie Bergsli



Knut Gjersund



Øyvind Gletne



Tor Einar Andersson